



AU - Nasjonalparkstyre for Reinheimen

Utvalg: **Arbeidsutvalet**
Møtested: Telefon
Dato: 22.03.2013
Tid: 10:00 – 11:30

Orienterings- og drøftingssaker:

- Etablering av førebels sekretariat
- Invitasjon til deltaking i arbeidsgruppe – utstilling på nasjonalparksenteret.
- Administrativt fagutval – møte 5. april
- Bestillingsdialogen 2013
- Behov for møte i nasjonalparkstyret primo mai
- Kompetansedagar veke 24.



AU - Nasjonalparkstyre for Reinheimen

Saksliste

Saksnr	Innhold	Lukket
PS 1/13	Ulvådalen sauesankelag. Søknad om bruk av snøskuter, motorbåt og telting.	
PS 2/13	Geir Kornkveen. Søknad om bruk av snøskuter.	
PS 3/13	Steinar Sæterbø. Søknad om bruk av snøskuter.	
PS 4/13	Erling Kornkveen. Søknad om bruk av snøskuter.	
PS 5/13	Marius Aaboen. Søknad om bruk av snøskuter.	
PS 6/13	Rolv Kjeka. Søknad om bruk av snøskuter.	
PS 7/13	Mona Bøhle og Arild Fallingen. Søknad om bruk av snøskuter.	
PS 8/13	Skogtjenester v. Dag A. Heinz. Søknad om bruk av snøskuter.	



AU - Nasjonalparkstyre for Reinheimen

Saksutredning

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
1/13	AU – Nasjonalparkstyret for Reinheimen	22.03.2013

Ulvådalen sauesankelag. Søknad om bruk av snøskuter, motorbåt og telting.

Bakgrunn:

Ulvådalen sauesankelag har i brev dagsett 27.02.13 fremma følgjande søknad:

«Ulvådalen sauesankelag søker med dette om løyve til bruk av snøscooter til utkøyring av 400 kg saltstein og ved til beitesesongen 2013. Transporten skal utførast i mars- april når det er forhold til det. Traseen som vert brukt er den same som ved tidlegare løyve, Vassenden - Grøndalen Børrebotnen - Hånådalen. Lars Fransplass skal vera transportør.

Det søkes og om løyve til bruk av båt og flåte med motor på Ulvådalsvatnet i beitesesongen for tilsyn av beitedyr, transport av personer og utstyr i samband med sinking og transport av skadde og sjuke dyr.

Søknaden gjeld og oppsetting av telt til gjetaren i perioden 21.juli til 5. september. Teltplassen er som tidligere i krysset mellom Grøndalen og Børrebotnen.

Dersom det vert gjeve løyve har vi ønske om at det gjeld for fleire år.»

[URL \(internettadresse til kartutsmitt\)](#)

Vurdering:

Det blir søkt om tre ulike tiltak:

1. **Bruk av snøscooter til transport av salt og ved** i Romsdalen landskapsvernområde og Reinheimen nasjonalpark.

Det kan gjevast løyve til slik transport med heimel i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 6.3 d), og Romsdalen landskapsvernområde § 3, pkt 5.3 c).

Ulvådalen Sauesankelag er aktive sauebrukar med eit dokumentert transportbehov slik det er søkt om.

Omtala av traseen er ikkje fullstendig, då ein må ha skutertransport frå Brøstet og innover. Transporten skjer etter ein vanleg nytta trase, og den aktuelle transporten har eit avgrensa omfang utan nemneverdige negative konsekvensar for verneverdiane. Traseen er elles vist i Forvaltingsplan for Reinheimen som hovudtrase for leigekøyring.

I Forvaltingsplan for Reinheimen er det lagt til grunn at det skal nyttast leigekøyrar ved slike transportar.

2. **Bruk av motorbåt i samband med tilsyn av beitedyr** på Ulvådalsvatnet i Reinheimen nasjonalpark.

Det kan gjevast løyve til slik transport med heimel i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 6.3 f).



AU - Nasjonalparkstyre for Reinheimen

Transporten der er søkt om er knytt til aktiv landbruksdrift i tråd med verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark. Dyreeigar har plikt til å føre tilsyn med dyra sine. Søkjaren har såleis eit dokumentert behov for transport slik det er søkt om. Transporten vil ha eit avgrensa omfang utan vesentlege negative konsekvensar for verneområdet.

3. Oppsetting av telt i Reinheimen nasjonalpark.

Etter verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 5.6 er det krav om særskilt løyve ved telting utover ei veke.

Beitebruken blir delvis utøvd i område med lang gangavstand til næraste bu eller bilveg. Det er såleis eit dokumentert behov for å bruke telt i samband med tilsyn med beitedyra. Det er ikkje kjend at slik bruk av telt har noko omfang i det aktuelle området, og eit einsleg telt i beitesesongen har såleis små eller ingen konsekvensar for verneverdiane.

Miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget

I samband med verneplan for Reinheimen er det utarbeidd eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag for å kunne vurdere konsekvensane av tiltaka. Det er ikkje registrert utvalde eller verdifulle naturtypar i området, som blir berørt av søknaden.

§§ 9 og 10 «Føre var» og samla belastning

Tiltaka det er søkt om har eit avgrensa omfang, og vil heller ikkje opne opp for fleire liknande søknader.

§ 11 kostnader ved redusert miljøkvalitet

Føresegna er ikkje relevant for denne søknaden.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Transport på snødekt mark og på vatn gjev ikkje varige skader på naturen. Bruk av telt er ikkje eit varig inngrep.

Fleirårig løyve

I Forvaltingsplan for Reinheimen er det lagt retningsline om at det i regelen skal nyttast leigekøyrar godkjend etter forskrift om bruk av motoriserte køyrety i utmark og på islagde vassdrag § 5 a).

Forvaltingsplan for Reinheimen gjev at det for kjende, faste transportformål kan gjevast fleirårige løyve inntil 5 år med avgrensing i talet på turar. For transport på snødekt mark er det sett eit grense på 5 turar pr. år, og på vatn 10 turar pr. år.

Med innføring av ordninga med nasjonalparkstyret har DN lagt som føring at ein ikkje bør gje meir enn fire-årige løyve, for ikkje å binde opp styret i neste valperiode.

Sidan bruken av teltet er nært knytt åt verksemda elles, er det fornuftig å vurdere fleirårige løyve også for denne delen av søknaden.

Innstilling:

Ulvådalen Beitelag v. Atle Bakken får følgjande løyve:



AU - Nasjonalparkstyre for Reinheimen

1. Bruk av snøskuter til transport av salt og ved etter traseen Brøstet - Vassenden – Grøndalen - Børrebotnen – Hånådalen. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 6.3 d), og Romsdalen landskapsvernområde § 3, pkt 5.3 c).
2. Bruk av motorbåt i samband med tilsyn med beitedyr på Ulvådalsvatnet i Reinheimen nasjonalpark. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 6.3 f).
3. Oppsetting av telt i krysset mellom Grøndalen og Børrebotnen. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 5.6.

Det blir sett følgjande vilkår:

1. Løyvet blir gjeve for åra 2013, 2014, 2015 og 2016.
2. For transport med snøskuter skal det nyttast leigekøyrar, jf. forskrift om bruk av motoriserte køyretøy i utmark og på islagde vassdrag § 5 a).
3. For transport med snøskuter blir det gjeve løyve for inntil 5 turar pr. år.
4. For transport med motorbåt blir det gjeve løyve for inntil 10 turar pr. år.
5. Snøskutertransporten skal mest mogleg følgje same køyrespor tur-retur.
6. Snøskutertransporten skal gjennomførast innan 20. april kvart år, evt. 3. påskedag om den er seinare en 20.april. Transporten bør ikkje skje i påska og helst ikkje i helg.
7. Snøskutertransporten skal meldast seinast dagen før til SNO (Thomas Rødstøl mob. 915 47 617), som vil gje melding om det må takast særlege omsyn i områda.
8. For snøskutertransporten skal det førast køyrebok, som skal fyllast ut på førehand og vere med køyretøyet under transporten. Kopi av køyrebok skal sendast forvaltningsmynde innan 5. juni 2013.
9. Det skal takast spesielt omsyn til villreinen under transporten. Om det er rein i planlagt køyrerute skal ein vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i en avstand på minimum 500 m på le side.
10. Køyringa skal skje skånsamt med tanke på natur og miljø.



AU - Nasjonalparkstyre for Reinheimen

Saksutredning

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
2/13	AU – Nasjonalparkstyret for Reinheimen	22.03.2013

Geir Kornkveen. Søknad om bruk av snøskuter.

Bakgrunn:

Geir Kornkveen har i brev motteke 01.03.13 (hjá Lesja kommune) fremma følgjande søknad: «Jeg søker med dette om å få kjøyre ved og proviant til hytte ved Valåvatnet, i løpet av denne sesongen. Turen vil starte frå Elgbana og beneste vegen etter Tverrfjellet til Valåvatnet og retur.

Søker også om å få kjøyre 3.lass med ved og proviant til hytte ved Ryggjehøtjønn i løpet av sesongen. Turen vil starte frå Rusten seter og kortest veg inn til Ryggjehøe.

Søker også om å få bruke snøscooter til å flytte en båt fra søre bergetjønn til et vann lengre vest, ca 1km. (Dette vannet er det for mye fisk i) Prøvde også å få flytte denne båten i fjor, men da var det is rundt hele båten, fikk den ikke løs.

Har egen konsesjon for snøscooter.»

[URL \(internettadresse til kartutsnitt\) 1](#)

[URL \(internettadresse til kartutsnitt\) 2 og 3](#)

Vurdering:

Det blir søkt om to ulike tiltak:

1. **Bruk av snøscooter til transport av ved og proviant til hytte ved Valåvatnet** i Reinheimen nasjonalpark.

Det kan gjevast løyve til slik transport med heimel i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 6.3 b).

2. **Bruk av snøskuter til transport av ved og proviant til hytte ved Ryggjehøtjønn** i Reinheimen nasjonalpark og Lordalen landskapsvernområde.

Det kan gjevast løyve til slik transport med heimel i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 6.3 b), og verneforskrifta for Lordalen landskapsvernområde § 3, pkt. 5.3 b)

3. **Bruk av snøskuter til transport av båt** i Reinheimen nasjonalpark og Lordalen landskapsvernområde.

Det kan gjevast løyve til slik transport med heimel i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 6.3 b), og verneforskrifta for Lordalen landskapsvernområde § 3, pkt. 5.3 b)

Søkjar har vist til eit alminneleg akseptert behov for transport som det kan gjevast løyve til etter verneforskriftene.

I Forvaltingsplan for Reinheimen er det lagt retningsline om at det i regelen skal nyttast leigekøyrar godkjend etter forskrift om bruk av motoriserte køyrety i utmark og på islagde vassdrag § 5 a).



AU - Nasjonalparkstyre for Reinheimen

Forvaltingsplan for Reinheimen viser hovudtrase for leigekøyering gjennom Lordalen.

Miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget

I samband med verneplan for Reinheimen er det utarbeidd eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag for å kunne vurdere konsekvensane av tiltak. Det er ikkje registrert utvalde eller verdifulle naturtypar i området, som blir berørt av søknaden.

§§ 9 og 10 «Føre var» og samla belastning

Tiltaka det er søkt om har eit avgrensa omfang. Sett i ljøs av at verneforskriftene opnar for å gje løyve til denne type transportar, så er talet på turar i området på eit rimeleg nivå, også fordi talet på hytter i området er lite.

§ 11 kostnader ved redusert miljøkvalitet

Føresegna er ikkje relevant for denne søknaden.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder

Enkeltstående transportar på snødekt mark og på vatn gjev ikkje nemneverdige varige skader på naturen.

Innstilling:

Geir Kornkveen får følgjande løyve:

1. Bruk av snøscooter til transport av ved og proviant til hytte ved Valåvatnet i Reinheimen nasjonalpark. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 6.3 d).
2. Bruk av snøskuter til transport av ved og proviant til hytte ved Ryggjehøtjønn i Reinheimen nasjonalpark og Lordalen landskapsvernområde. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 6.3 d), og Lordalen landskapsvernområde § 3, pkt 5.3 c).
3. Bruk av snøskuter til transport av båt i Reinheimen nasjonalpark og Lordalen landskapsvernområde. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 6.3 d), og Lordalen landskapsvernområde § 3, pkt 5.3 c).

Det blir sett følgjande vilkår:

1. For transport med snøskuter skal det nyttast leigekøyrrar, jf. forskrift om bruk av motoriserte køyrety i utmark og på islagde vassdrag § 5 a).
2. Det blir det gjeve løyve for inntil 5 turar i 2013.
3. Snøskutertransporten skal mest mogleg følgje same køyrespor tur-retur.
4. Snøskutertransporten skal gjennomførast innan 20. april 2013. Transporten bør ikkje skje i påska og helst ikkje i helg.
5. Snøskutertransporten skal meldast seinast dagen før til SNO (Thomas Rødstøl mob. 915 47 617), som vil gje melding om det må takast særlege omsyn i områda.
6. For snøskutertransporten skal det førast køyrebok, som skal fyllast ut på førehand og vere med køyretøyet under transporten. Kopi av køyrebok skal sendast forvaltningsmynde innan 5. juni 2013.
7. Det skal takast spesielt omsyn til villreinen under transporten. Om det er rein i planlagt køyrerute skal ein vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i en avstand på minimum 500 m på le side.
8. Køyringa skal skje skånsamt med tanke på natur og miljø.



AU - Nasjonalparkstyre for Reinheimen

Saksutredning

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
3/13	AU – Nasjonalparkstyret for Reinheimen	22.03.2013

Steinar Sæterbø. Søknad om bruk av snøskuter.

Bakgrunn:

Steinar Sæterbø har på eige skjema dagsett 04.03.13 søkt om bruk av snøskuter til transport av proviant frå Brøste til eiga hytte på Kabben. Det blir søkt om løyve for åra 2013 til 2018.

[URL \(internettadresse til kartutsnitt\)](#)

Vurdering:

Det blir søkt om:

Bruk av snøscooter til transport av ved og proviant til hytte ved Kabben i Romsdalen landskapsvernområde

Det kan gjevast løyve til slik transport med heimel i verneforskrifta for Romsdalen landskapsvernområde § 3, pkt. 5.3 b).

Søkjjar har vist til eit alminneleg akseptert behov for transport som det kan gjevast løyve til etter verneforskriftene.

I Forvaltingsplan for Reinheimen er det lagt retningsline om at det bør nyttast leigekøyrar godkjend etter forskrift om bruk av motoriserte køyrety i utmark og på islagde vassdrag § 5 a).

Forvaltingsplan for Reinheimen viser hovudtrase for leigekøyring gjennom Brøstdalen.

Fleirårig løyve

I Forvaltingsplan for Reinheimen er det lagt retningsline om at det i regelen skal nyttast leigekøyrar godkjend etter forskrift om bruk av motoriserte køyrety i utmark og på islagde vassdrag § 5 a).

Forvaltingsplan for Reinheimen gjev at det for kjende, faste transportformål kan gjevast fleirårige løyve inntil 5 år med avgrensing i talet på turar. For transport på snødekt mark er det sett eit grense på 5 turar.

Med innføring av ordninga med nasjonalparkstyret har DN lagt som føring at ein ikkje bør gje meir enn fire-årige løyve, for ikkje å binde opp styret i neste valperiode.

Miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget

I samband med verneplan for Reinheimen er det utarbeidd eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag for å kunne vurdere konsekvensane av tiltak. Det er ikkje registrert utvalde eller verdifulle naturtypar i området, som blir berørt av søknaden.



AU - Nasjonalparkstyre for Reinheimen

§§ 9 og 10 «Føre var» og samla belastning

Tiltaka det er søkt om har eit avgrensa omfang. Sett i ljøs av at verneforskriftene opnar for å gje løyve til denne type transportar, så er talet på turar i området på eit rimeleg nivå, også fordi talet på hytter i området er avgrensa.

§ 11 kostnader ved redusert miljøkvalitet

Føresegna er ikkje relevant for denne søknaden.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder

Enkeltstående transportar på snødekt mark og på vatn gjev ikkje nemneverdige varige skader på naturen.

Innstilling:

Steinar Sæterbø får følgjande løyve:

Bruk av snøscooter til transport av ved og proviant til hytta si ved Kabben i Romsdalen landskapsvernområde. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Romsdalen landskapsvernområde § 3, pkt 5.3 b).

Det blir sett følgjande vilkår:

1. Løyvet blir gjeve for åra 2013, 2014, 2015 og 2016.
2. For transport med snøskuter skal det nyttast leigekøyrar, jf. forskrift om bruk av motoriserte køyrety i utmark og på islagde vassdrag § 5 a).
3. Det blir gjeve løyve for inntil 5 turar pr. år.
4. Snøskutertransporten skal mest mogleg følgje same køyrespor tur-retur.
5. Snøskutertransporten skal gjennomførast innan 20. april kvart år, evt. 3. påskedag om den er seinare en 20.april. Transporten bør ikkje skje i påska og helst ikkje i helg.
6. Snøskutertransporten skal meldast seinast dagen før til SNO SNO (Thomas Rødstøl mob. 915 47 617), som vil gje melding om det må takast særlege omsyn i områda.
7. For snøskutertransporten skal det førast køyrebok, som skal fyllast ut på førehand og vere med køyretøyet under transporten. Kopi av køyrebok skal sendast forvaltningsmynde innan 5. juni 2013.
8. Det skal takast spesielt omsyn til villreinen under transporten. Om det er rein i planlagt køyrerute skal ein vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i en avstand på minimum 500 m på le side.
9. Køyringa skal skje skånsamt med tanke på natur og miljø.



AU - Nasjonalparkstyre for Reinheimen

Saksutredning

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
4/13	AU – Nasjonalparkstyret for Reinheimen	22.03.2013

Erling Kornkveen. Søknad om bruk av snøskuter.

Bakgrunn:

Erling Kornkveen har på eige skjema søkt om bruk av snøskuter til transport av proviant, ved og utstyr til eiga hytte i Reinheimen nasjonalpark. Det blir søkt om løyve for ein tur i 2013.

[URL \(internettadresse til kartutsnitt\)](#)

Vurdering:

Det blir søkt om **bruk av snøscooter til transport av ved og proviant til hytte ved Fellingvatnet i Reinheimen nasjonalpark.**

Det kan gjevast løyve til slik transport med heimel i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 6.3 b), jf. også verneforskrifta for Lordalen landskapsvernområde § 3, pkt. 5.3 b).s

Søkjær har vist til eit alminneleg akseptert behov for transport som det kan gjevast løyve til etter verneforskriftene.

I Forvaltingsplan for Reinheimen er det lagt retningsline om at det i regelen skal nyttast leigekøyrar godkjend etter forskrift om bruk av motoriserte køyretøy i utmark og på islagde vassdrag § 5 a).

Forvaltingsplan for Reinheimen viser hovudtrase for leigekøyting gjennom Lordalen.

Miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget

I samband med verneplan for Reinheimen er det utarbeidd eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag for å kunne vurdere konsekvensane av tiltak. Det er ikkje registrert utvalde eller verdifulle naturtypar i området, som blir berørt av søknaden.

§§ 9 og 10 «Føre var» og samla belastning

Tiltaka det er søkt om har eit avgrensa omfang. Sett i ljøs av at verneforskriftene opnar for å gje løyve til denne type transportar, så er talet på turar i området på eit rimeleg nivå, også fordi talet på hytter i området er lite.

§ 11 kostnader ved redusert miljøkvalitet

Føresegna er ikkje relevant for denne søknaden.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder

Enkeltstående transportar på snødekt mark og på vatn gjev ikkje nemneverdige varige skader på naturen.

Innstilling:



AU - Nasjonalparkstyre for Reinheimen

Erling Kornkveen får følgjande løyve:

Bruk av snøscooter til transport av proviant, ved og utstyr til eiga hytte ved Fellingvatnet i Reinheimen nasjonalpark. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 6.3 b), og Lordalen landskapsvernområde § 3, pkt 5.3 b).

Det blir sett følgjande vilkår:

1. For transport med snøskuter skal det nyttast leigekøyrar, jf. forskrift om bruk av motoriserte køyrety i utmark og på islagde vassdrag § 5 a).
2. Det blir det gjeve løyve for ein tur i 2013.
3. Snøskutertransporten skal mest mogleg følgje same køyrespor tur-retur.
4. Snøskutertransporten skal gjennomførast innan 20. april 2013. Transporten bør ikkje skje i påska og helst ikkje i helg.
5. Snøskutertransporten skal meldast seinast dagen før til SNO SNO (Thomas Rødstøl mob. 915 47 617), som vil gje melding om det må takast særlege omsyn i områda.
6. For snøskutertransporten skal det førast køyrebok, som skal fyllast ut på førehand og vere med køyretøyet under transporten. Kopi av køyrebok skal sendast forvaltningsmynde innan 5. juni 2013.
7. Det skal takast spesielt omsyn til villreinen under transporten. Om det er rein i planlagt køyrerute skal ein vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i en avstand på minimum 500 m på le side.
8. Køyringa skal skje skånsamt med tanke på natur og miljø.



AU - Nasjonalparkstyre for Reinheimen

Saksutredning

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
5/13	AU – Nasjonalparkstyret for Reinheimen	22.03.2013

Marius Aaboen. Søknad om bruk av snøskuter.

Bakgrunn:

Marius Aaboen har i e-post dagsett 12.03.13 søkt om følgjande:

«Jakop Øyen har båt og 2 kasser på Leirungsvatnet.

Søker hermed om kjøretillatelse med snøscooter for og frakte båt og kasser ned at. Den eine kassa skal lastes av ved hytta til John Sveen på Ausjoen. Den andre kassa og båten skal til bygds at.»

[URL \(internettadresse til kartutsnitt\)](#)

Vurdering:

Det blir søkt om to ulike tiltak:

1. **Bruk av snøscooter til transport av båt frå Leirungsvatnet** i Reinheimen nasjonalpark til Aursjoen. Det kan gjevast løyve til slik transport med heimel i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 6.3 b), og verneforskrifta for Ottadalen landskapsvernområde § 3, pkt 5.3 b).
2. **Bruk av snøscooter til transport av kasser frå Leirungsvatnet** i Reinheimen nasjonalpark til Aursjoen. Transporten treng dispensasjon frå verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark, og verneforskrifta for Ottadalen landskapsvernområde, jf naturmangfaldlova § 48.

Søkjær har vist til eit alminneleg akseptert behov for transport som det kan gjevast løyve til etter verneforskriftene.

Verneforskriftene opnar for å ha ståande garnkasser i området, og følgjeleg blir det eit behov for å transportere dei. Verneforskriftene opnar ikkje for slik transport, men det bør vera greitt for AU å gje dispensasjon når kassene likevel kan takast med på ein annan heimla transport. Forvaltingsplan for Reinheimen har retningsline som seierat forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til transport av garnkasser på snødekt mark (men ikkje for oppfylling av kassene).

I Forvaltingsplan for Reinheimen er det lagt retningsline om at det i regelen skal nyttast leigekøyrar godkjend etter forskrift om bruk av motoriserte køyrety i utmark og på islagde vassdrag § 5 a).

Forvaltingsplan for Reinheimen viser hovudtrase for leigekøyring frå Aursjoen til Leirungsvatnet.

Miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget

I samband med verneplan for Reinheimen er det utarbeidd eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag for å kunne vurdere konsekvensane av tiltak. Det er ikkje registrert utvalde eller verdifulle naturtypar i området, som blir berørt av søknaden.



AU - Nasjonalparkstyre for Reinheimen

§§ 9 og 10 «Føre var» og samla belastning

Tiltaka det er søkt om har eit avgrensa omfang. Sett i ljøs av at verneforskriftene opnar for å gje løyve til denne type transportar, så er talet på turar i området på eit rimeleg nivå, også fordi talet på hytter i området er lite.

§ 11 kostnader ved redusert miljøkvalitet

Føresegna er ikkje relevant for denne søknaden.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder

Enkelståande transportar på snødekt mark og på vatn gjev ikkje nemneverdige varige skader på naturen.

Innstilling:

Marius Åboen får følgjande løyve:

1. Bruk av snøskuter til transport av Jakup Øyen sin båt frå Leirungsvatnet i Reinheimen nasjonalpark til Aursjoen. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 6.3 b), og Ottadalen landskapsvernområde § 3, pkt 5.3 b).
2. Bruk av snøskuter til transport av kasser frå Leirungsvatnet i Reinheimen nasjonalpark til Aursjoen. Dispensasjon er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48.

Det blir sett følgjande vilkår:

1. For transport med snøskuter skal det nyttast leigekøyrar, jf. forskrift om bruk av motoriserte køyretøy i utmark og på islagde vassdrag § 5 a).
2. Det blir det gjeve løyve for ein tur i 2013.
3. Snøskutertransporten skal mest mogleg følgje same køyrespor tur-retur.
4. Snøskutertransporten skal gjennomførast innan 20. april 2013. Transporten bør ikkje skje i påska og helst ikkje i helg.
5. Snøskutertransporten skal meldast seinast dagen før til SNO (Per Olav Haugen mob 970 57 213), som vil gje melding om det må takast særlege omsyn i områda.
6. For snøskutertransporten skal det førast køyrebok, som skal fyllast ut på førehand og vere med køyretøyet under transporten. Kopi av køyrebok skal sendast forvaltningsmynde innan 5. juni 2013.
7. Det skal takast spesielt omsyn til villreinen under transporten. Om det er rein i planlagt køyrerute skal ein vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i en avstand på minimum 500 m på le side.
8. Køyringa skal skje skånsamt med tanke på natur og miljø.



AU - Nasjonalparkstyre for Reinheimen

Saksutredning

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
6/13	AU – Nasjonalparkstyret for Reinheimen	22.03.2013

Rolv Kjeka. Søknad om bruk av snøskuter.

Bakgrunn:

Rolv Kjeka har i e-post dagsett 13.03.13 søkt om følgjande:

«Søker om løyve til transport av ved, varer og proviant for Leif Skiaker, til hytte ved Lortjønna. Transporten blir ein tur og vil foregå i slutten av mars.»

[URL \(internettadresse til kartutsnitt\)](#)

Vurdering:

Det blir søkt om:

Bruk av snøscooter til transport av ved, varer og proviant til Leif Skiaker si hytte ved Lortjønna i Ottadalen landskapsvernområde.

Det kan gjevast løyve til slik transport med heimel i verneforskrifta for Ottadalen landskapsvernområde § 3, pkt 5.3 b).

Søkjær har vist til eit alminneleg akseptert behov for transport som det kan gjevast løyve til etter verneforskriftene.

I Forvaltingsplan for Reinheimen er det lagt retningsline om at det i regelen skal nyttast leigekøyrar godkjend etter forskrift om bruk av motoriserte køyrety i utmark og på islagde vassdrag § 5 a).

Forvaltingsplan for Reinheimen viser hovudtrase for leigekøyring frå Aursjoen til Lortjønna.

Miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget

I samband med verneplan for Reinheimen er det utarbeidd eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag for å kunne vurdere konsekvensane av tiltak. Det er ikkje registrert utvalde eller verdifulle naturtypar i området, som blir berørt av søknaden.

§§ 9 og 10 «Føre var» og samla belastning

Tiltaka det er søkt om har eit avgrensa omfang. Sett i ljøs av at verneforskriftene opnar for å gje løyve til denne type transportar, så er talet på turar i området på eit rimeleg nivå, også fordi talet på hytter i området er lite.

§ 11 kostnader ved redusert miljøkvalitet

Føresegna er ikkje relevant for denne søknaden.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder



AU - Nasjonalparkstyre for Reinheimen

Enkeltstående transportar på snødekt mark og på vatn gjev ikkje nemneverdige varige skader på naturen.

Innstilling:

Rolv Kjeka får følgjande løyve:

Bruk av snøskuter til transport av ved, varer og proviant til Leif Skiaker si hytte ved Lortjønnen i Ottadalen landskapsvernområde. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Ottadalen landskapsvernområde § 3, pkt 5.3 b).

Det blir sett følgjande vilkår:

1. For transport med snøskuter skal det nyttast leigekøyrar, jf. forskrift om bruk av motoriserte køyretøy i utmark og på islagde vassdrag § 5 a).
2. Det blir det gjeve løyve for ein tur i 2013.
3. Snøskutertransporten skal mest mogleg følge same køyrespor tur-retur.
4. Snøskutertransporten skal gjennomførast innan 20. april 2013. Transporten bør ikkje skje i påska og helst ikkje i helg.
5. Snøskutertransporten skal meldast seinast dagen før til SNO (Per Olav Haugen mob 970 57 213), som vil gje melding om det må takast særlege omsyn i områda.
6. For snøskutertransporten skal det førast køyrebok, som skal fyllast ut på førehand og vere med køyretøyet under transporten. Kopi av køyrebok skal sendast forvaltningsmynde innan 5. juni 2013.
7. Det skal takast spesielt omsyn til villreinen under transporten. Om det er rein i planlagt køyrerute skal ein vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i en avstand på minimum 500 m på le side.
8. Køyringa skal skje skånsamt med tanke på natur og miljø.



AU - Nasjonalparkstyre for Reinheimen

Saksutredning

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
7/13	AU – Nasjonalparkstyret for Reinheimen	22.03.2013

Mona Bøhle og Arild Fallingen. Søknad om bruk av snøskuter.

Bakgrunn:

Mona Bøhle og Arild Fallingen har i e-post dagsett 11.03.13 søkt om følgende:

«Vi skal i vinter tre turer til setra på Sterringen med proviant i forbindelse med gjester.

Vi må også tre turer til Vesl-Lusa med ved og gass og litt rep.matriell.

Vi vil også plassere en saltstamp ved Kvitgrove.

Kjøreruta går da fra Skrindlia til Vangen etter den gamle vintervegen, og derfra til Sterringen etter eksisterende vegtrase.

Det som skal til Vesl-Lusa og Kvitgrove tar vi med på tilbake turen.»

[URL \(internettadresse til kartutsnitt\)](#)

Vurdering:

Det blir søkt om:

1. **Bruk av snøscooter til transport av proviant til sæter** i Finndalen landskapsvernområde. Det kan gjevast løyve til slik transport med heimel i verneforskrifta for Ottadalen landskapsvernområde § 3, pkt. 5.3 b), og Finndalen landskapsvernområde § 3, pkt 5.3 b).
2. **Bruk av snøskuter til transport av ved, gass og materiell til hytte** ved Vesl-Lusa. Det kan gjevast løyve til slik transport med heimel i verneforskrifta for Ottadalen landskapsvernområde § 3, pkt. 5.3 b).
3. **Transport av saltstamp** ved Kvitgrove. Det kan gjevast løyve til slik transport med heimel i verneforskrifta for Ottadalen landskapsvernområde § 3, pkt 5.3 c) og verneforskrifta for Finndalen landskapsvernområde § 3, pkt. 5.3 c), når transporten skjer i regi av beitelag.

Søkjær har vist til eit alminneleg akseptert behov for transport som det kan gjevast løyve til etter verneforskriftene. Søkjær er aktiv sæterbrukar med beitedyr i Finndalen.

Forvaltingsplan for Reinheimen har retningsline som gjev at det kan gjevast løyve for inntil fem turar på snødekt mark.

I Forvaltingsplan for Reinheimen er det lagt retningsline om at det i regelen skal nyttast leigekøyrar godkjend etter forskrift om bruk av motoriserte køyreyti i utmark og på islagde vassdrag § 5 a).

Forvaltingsplan for Reinheimen viser hovudtrase for leigekøyrying til Finndalen frå Lia i Lom, frå Ramstadstrond i Skjåk og Skårvangen i Vågå.

Miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget



AU - Nasjonalparkstyre for Reinheimen

I samband med verneplan for Reinheimen er det utarbeidd eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag for å kunne vurdere konsekvensane av tiltak. Det er ikkje registrert utvalde eller verdifulle naturtypar i området, som blir berørt av søknaden.

§§ 9 og 10 «Føre var» og samla belastning

Tiltaka det er søkt om har eit avgrensa omfang. Sett i ljøs av at verneforskriftene opnar for å gje løyve til denne type transportar, så er talet på turar i området på eit rimeleg nivå, også fordi talet på hytter i området er lite.

§ 11 kostnader ved redusert miljøkvalitet

Føresegna er ikkje relevant for denne søknaden.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder

Enkeltstående transportar på snødekt mark og på vatn gjev ikkje nemneverdige varige skader på naturen.

Innstilling:

Mona Bøhle og Arild Fallingen får følgjande løyve:

- **Bruk av snøscooter til transport av proviant til sæter** i Finndalen landskapsvernområde. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Ottadalen landskapsvernområde § 3, pkt. 5.3 b), og verneforskrifta for Finndalen landskapsvernområde § 3, pkt. 5.3 b).
- **Bruk av snøscooter til transport av ved, gass og materiell** hytte ved Vesl-Lusa i Ottadalen landskapsvernområde. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Ottadalen landskapsvernområde § 3, pkt. 5.3 b).
- **Bruk av snøskuter til transport av saltstamp** ved Kvitrgrove i Finndalen landskapsvernområde. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Ottadalen landskapsvernområde § 3, pkt. 5.3 c) og verneforskrifta for Finndalen landskapsvernområde § 3, pkt. 5.3 c), når transporten skjer i regi av beitelag.

Det blir sett følgjande vilkår:

1. For transport med snøskuter skal det nyttast leigekøyrar, jf. forskrift om bruk av motoriserte køyretøy i utmark og på islagde vassdrag § 5 a).
2. Transportane må samordnast, og det blir det gjeve løyve for inntil fem turar.
3. Snøskutertransporten skal mest mogleg følgje same køyrespor tur-retur.
4. Snøskutertransporten skal gjennomførast innan 20. april 2013. Transporten bør ikkje skje i påska og helst ikkje i helg.
5. Snøskutertransporten skal meldast seinast dagen før til SNO (Per Olav Haugen mob 970 57 213), som vil gje melding om det må takast særlege omsyn i områda.
6. For snøskutertransporten skal det førast køyrebok, som skal fyllast ut på førehand og vere med køyretøyet under transporten. Kopi av køyrebok skal sendast forvaltningsmynde innan 5. juni 2013.
7. Det skal takast spesielt omsyn til villreinen under transporten. Om det er rein i planlagt køyrerute skal ein vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i en avstand på minimum 500 m på le side.
8. Køyringa skal skje skånsamt med tanke på natur og miljø.



AU - Nasjonalparkstyre for Reinheimen

Saksutredning

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
8/13	AU – Nasjonalparkstyret for Reinheimen	22.03.2013

Skogtjenester v. Dag A. Heinz. Søknad om bruk av snøskuter.

Bakgrunn:

Skogtjenester v. Dag A. Heinz har i ulike brev til kommunane Lesja, Lom og Vågå, dagsett 20.02.13 søkt om følgende:

«På oppdrag fra Direktoratet for naturforvaltning og regjeringsadvokaten skal det foretas befaringer i forbindelse med erstatningsoppgjøret etter vernet av Reinheimen, Rondane, Dovre og Dovrefjell-Sunndalsfjella nasjonalparker med tilhørende landskapsvernområder. Befaringene og nødvendig skogregistrering vil omfatte områder med skog og tresatt impediment. Befaringene er begrenset til områder som enten er eid av Statskog eller Statsallmenninger.

Oppdraget er regulert i egen forskrift av Miljøverndepartementet hvor det forutsettes at staten skal innen 1. juli 2013 ha framsatt tilbud om erstatning til alle grunneiere og rettighetshavere som har fremmet krav om erstatning. Dette medfører at en del områder og eiendommer må befares om vinteren for å bli ferdig innen fristen. Snøskuter vil i denne sammenheng være det mest rasjonelle transportmiddelet.

Befaringene vil bli gjennomført av Statens skogsakkyndige, enten Severin Myrbakken eller Dag A. Heintz.

I tillegg vil Statskog sin representant samt en til to skogbruksplanleggere være med på befaringene.»

...

Befaringene vil bli gjennomført fra og med uke 11 til og med uke 18, og vil måtte tilpasses vær og føreforhold samt villrein. For å unngå konflikt med villrein vil organisering og gjennomføring av befaringene skje i samarbeid med SNO.

Befaringene vil så langt det er mulig bli gjennomført ved bruk av lokale fjellstyrer og lokale ervervs/leiekjørere i området. Ved eventuell bruk av egen snøskuter vil aktuelle sjåførere være deltagerne på befaringen.

Det bes om tillatelse til å bruke inntil to (2) skuterekvipasjer.»

Elles er det opplyst at synfaringane vil skje i

- Finndalen landskapsvernområde.
- Ottadalen landskapsvernområde.
- Lordalen landskapsvernområde.

[URL \(kartutsnitt\)1](#)

[URL \(kartutsnitt\)2](#)



AU - Nasjonalparkstyre for Reinheimen

Vurdering:

Det blir søkt om:

Bruk av snøskuter i samband med synfaringar knytt til erstatningsoppgjøret for vern av Finndalen landskapsvernområde, Ottadalen landskapsvernområde og Lordalen landskapsvernområde.

Transporten er ikkje heimla i verneforskriftene for dei tre landskapsvernområda, og søknaden må derfor behandlast etter naturmangfaldlova § 48:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.»

Søkjær har vist til eit behov for transport som er knytt til etablering av vernet, og erstatning til bruksrettshavarane i statsallmenningane. Erstatningsoppgjøret er heimla i ei eiga forskrift der det er sett ein tidsfrist gjennomføring av prosessen. Det er såleis dokumentert at det er vesentlege samfunnsinteresser som ligg til grunn for søknaden.

I Forvaltingsplan for Reinheimen er det lagt retningsline om at det i regelen skal nyttast leigekøyrar godkjend etter forskrift om bruk av motoriserte køyrety i utmark og på islagde vassdrag § 5 a).

Forvaltingsplan for Reinheimen viser hovudtrasear for leigekøyring til Finndalen frå Lia i Lom, frå Ramstadstrond i Skjåk og Skårvangen i Vågå. Etter sekretæren si vurdering vil det vera lite behov for å synfare område i Ottadalen landskapsvernområde. I dette tilfellet vil det derfor vera fornuftig å nytte tilkomsten frå Skårvangen.

Forvaltingsplan for Reinheimen viser hovudtrase for leigekøyring etter Lordalsvegen i Lordalen landskapsvernområde.

Miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget

I samband med verneplan for Reinheimen er det utarbeidd eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag for å kunne vurdere konsekvensane av tiltak. Det er ikkje registrert utvalde eller verdifulle naturtypar i området, som blir berørt av søknaden.

§§ 9 og 10 «Føre var» og samla belastning

Tiltaka det er søkt om har eit avgrensa omfang, men vårvinteren er ei sårbar periode for dyrelivet (t.d. for drektige hodyr av hjortevilt og spelplassar for skogsfugl), og bruk av snøskuter over store areal i



AU - Nasjonalparkstyre for Reinheimen

skogområda vil kunne gje uheldige konsekvensar for slike verneverdiar. For å redusere køyringa til eit minimum er det derfor viktig med god planlegging.

Villreinen vil neppe bli vesentleg uroa av bruk av snøskuter i skogsområda.

§ 11 kostnader ved redusert miljøkvalitet
Føresegna er ikkje relevant for denne søknaden.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder
Enkeltstående transportar på snødekt mark og på vatn gjev ikkje nemneverdige varige skader på naturen. Ved å følgje hovudtraseane for leigekøyring slik dei er vist i Forvaltingsplan for Reinheimen, og planlegging av transporten med tanke på kva for bestand som skal synfarast vil transportbehovet kunne reduserast. Vidare vil ein kunne unngå unødig køyring og «feller» ved å kontakte lokalkjende personar. Bilvegen i Lordalen er tidvis vinterbrøyt, og Finndalsvegen kan vera farbar frå midten av mai. Viss det er mogleg bør synfaringane derfor leggst opp slik at ein kan nytte biltransport, og gange frå vegen til det enkelte bestand.

Med bakgrunn i at søknaden er knytt til vesentlege samfunnsinteresser, og at det er mogleg å ta tilstrekkelege omsyn vil sekretæren innstille på at det blir gjeve dispensasjon.

Innstilling:

Skogtjenester v. Dag A. Heinz får løyve til bruk av snøskuter i samband med synfaringar knytt til erstatningsoppgjøret for vern av Finndalen landskapsvernområde, Ottadalen landskapsvernområde og Lordalen landskapsvernområde. Løyvet blir gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48.

Det blir sett følgjande vilkår:

1. For transport med snøskuter skal det nyttast leigekøyrar, jf. forskrift om bruk av motoriserte køyretøy i utmark og på islagde vassdrag § 5 a).
2. Løyvet gjeld for bruk av to snøskutarar, og det blir gjeve løyve for eit naudsynt tal på turar for å gjennomføre synfaringa.
3. Snøskutertransporten skal gjennomførast innan 20. april 2013. Transporten bør ikkje skje i påska og helst ikkje i helg.
4. Skogtjenester v. Dag A. Heinz skal på førehand ta kontakt med Statskog SF v. Trond Berger (mob. 909 75 408) for opplysingar om terreng- og køyreforhold.
5. Snøskutertransporten skal følgje hovudtraseane for leigekøyring vist i Forvaltingsplan for Reinheimen, med avstikkarar til dei aktuelle bestanda, og vidare mest mogleg følgje same køyrespor tur-retur. Før køyringa tek til skal ein køyreplan sendast forvaltingsmyndigheita på e-post: trond.stensby@lesja.kommune.no.
6. Det skal takast spesielt omsyn til dyrelivet under transporten.
7. Køyringa skal skje skånsamt med tanke på natur og miljø.
8. Viss det er mogleg bør synfaringane leggst opp slik at ein kan nytte biltransport, og gange frå vegen til det enkelte bestand.